

Fra: oddbjsa2@online.no

Sendt: 29.08.2018 11:24:48

Til: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

Kopi: Roald Landøy

Emne: Til kultur- og idrettsavd. Saksnr. 2015/ 2159 Gamlaløa på Frette

Vedlegg: Sluttrapportskjema prosj.nr. 160447 Frette m. underskrift.pdf;Utfyllande rapport Gamlaløa på Frette nr.160447 .pdf;Rekneskap gamlaløa på Frette 2015- 2018 versjon2.xlsx;Stadfesting frå Åge Grindheim.pdf
Hei!

Vedlagt følgjer sluttrapportskjema for Gamlaløa på Frette, saksnr. 2015/2159-72. (Prosjektnr. 160447 hjå Kulturminnefondet).

Eg har brukt rapporteringsskjemaet til Kulturminnefondet, håpar det går greit?

I tillegg:

Vedlegg 1: Utfyllande rapport med detaljert skildring av arbeidet og fotodokumentasjon.

Vedlegg 2: Rekneskap, med 7 underark: Kostnad (med bilagsliste), Spesifisert utgift, Timar (timeliste), Maskinbruk, Frå eige lager, Resultat vs. budsjett, Oppsummering (litt forvirrande).

Vedlegg 3: Stadfesting på revisjon, frå aut. rekneskapsfører Åge Grindheim.

Det har vore eit spennande prosjekt, men no er me veldig glade for å ha komme i mål!

Håpar eg ikkje har gløymt noko viktig. Gje beskjed dersom de saknar noko!

Dersom alt ser greit ut, og det er klart for utbetaling, så har eg kontonr. 3543.10.09.348.

Me seier det i den utfyllande rapporten, men seier det gjerne ein gong til:

Me er veldig stolte over det me har fått til. Men me hadde ikkje sett i gang utan den gode økonomiske støtta me fekk frå dykk.

Tusen hjarteleg takk for støtta!

Og de er hjarteleg velkomne dersom de vil komma og sjå resultatet.

Venleg helsing

Randi Frette (og Oddbjørn Sande)

Flåtevegen 9,

Frette, 5590 Etne

randi@frette-garden.no

Mob. 90 89 28 85